


ársmæling og
reikneskap for
völdu fyrsta
reinhaldsverk



1998

INNLEIING

1998 vart eit innhaldsrikt år for Volda Ørsta Reinholdswerk. Den etterlengta sorteringshallen vart teken bruk, og året vart prega av glede ved å få ting i system, og frustrasjon over kostnader. Både brukarar og politikarar engasjerte seg sterkt i drifta av VØR. Det enda opp i den mest turbulente hausten på 90- talet.

Men likevel, vi fekk sette fokus på ein god del saker, og vi har god tru på at VØR vil styrke sin posisjon i lokalsamfunnet når ein har fått tid til å drøfte igjennom både organisering av selskapet, servicenivå og praktiske løysingar for avfallshandteringa.

VØR må i framtida sette større fokus på økonomien i drifta for å møte eit stadig sterkare press på offentlege avgifter og konkurranse frå andre aktørar. Dette er ei stor utfordring, for ein har ei "lovfesta" drift og ein kan ikkje utan vidare redusere kostnader på t.d. innsamling, eller avgrense mottaket på nokon måte. Dette er vedteke i forskrifter, og eventuelle endringar må godkjennast av kommunestyra.



DRIFTA I 98

Innsamlinga av avfall frå hushaldningane og næringsdrivande fungerer i godt innarbeidde rutiner. Mengdene til forbrenning minka litt for første gong sidan vi innførte papirinnsamling i 1993. Samtidig aukar innsamlinga av papp og papir, og dette tyder på at brukarane vert flinkare til å sortere ut gjenvinnbare fraksjonar av avfallet.

Det var ingen uhell av noko slag, bortsett frå mindre skader på gjerde og ein bil eller to.


VØR tilbyr forretningar og institusjonar å nytte plastdunkar. Dette reduserer noko på dei tunge løfta, samtidig som at det er det billigaste volumet VØR kan tilby.

Kva innsamlingsløysing som er det beste systemet er vanskeleg å seie klart. Sekken har sine klare ulemper når det gjeld arbeidsmiljø, men hygienen er betre enn ved bruk av dunk. Avfallsplanen som vert presentert på nyåret 99 vil truleg konkludere på dette, og då med omsyn både på arbeidsmiljø, økonomi og praktisk gjennomføring.

HUSHALDNINGS- OG FORRETNINGS-AVFALL

PAPP OG PAPIR

Innsamlinga av papp og papir frå hushaldningane går stort sett greit. Tømming av plastsekker er tungt arbeid, og vi må sjå på løysingar der vi slepp å stå og riste sekkane tome. Eit alternativ er å nytte papirsekker (12 stk pr husstand pr år), men dette vil føre til




ein årleg kostnad på ca. 170.000,- kroner i ekstra sekkeinnkjøp. Spørsmålet vert då om det å nytte papireskkar kan redusere bruken av overtid.

Vi har framleis eit samarbeid med Norsk Gjenvinning Sunnmøre der vi køyrer inn papp og papir frå dei fleste næringar i Ørsta og Volda.

VØR har skriva ein fastpriskontrakt med NGS på denne inntransporten. Denne baserer seg på at vi nyttar vanleg renovasjonsbil i innsamlinga, men vogntog frå omlastinga i Hovdebygda og til mottakar. På den måten køyrer vi 12-16 tonn pr tur i staden for 4-5 tonn som vi fekk i våre eigne bilar. Kostnaden med denne innsamlinga må reknast over på nytt, då rekneskapet syner noko høgare kostnader på leigetransporten enn rekna med. Når det gjeld mengder syner vi til eige kapittel.

GLASINNSAMLING



Mengdene med glas auka sterkt i fjor. Dette skuldast at distriktet fekk nytt Vinmonopol, og returflasker herifrå utgjør no ein stor del av farga glas. Om mengdene vil halde seg på dette nivået er vanskeleg å seie, men betjeninga på Vinmonopolet registrere svært mykje gamle flasker som folk vonar å få pant på.

Grove overslag syner at gjenvinninga av glas vert meir kostbar enn eventuell destruksjon på Grautneset. Ein vel likevel å halde fram med ordninga, då det er ynskjeleg å redusere mengder til deponi / forbrenning mest mogleg.

GROVAVFALL



Dei tre første månadene i 1998, vart alt grovavfall levert til deponiet i Alida. VØR fekk dispensasjon frå Fylkesmannen å drive deponiet til sorteringsanlegget stod ferdig til bruk. Frå 1. mars tok vil til å sortere alt grovavfall, og har levert dels til forbrenning på Grautneset og dels til deponiet på Vestnes. Begge desse ordningane er kostbare løysingar. Grautneste pga høg tonn-pris, og Vestnes pga lange avstandar. Likevel kjem dette truleg rimelegare ut enn å etablere eit eige deponi. Vi ser fram til eit eventuelt samarbeid med lokal industri, der ein kan utnytte dette avfallet til energi, og dermed redusere både deponikostader, deponiavgift til staten og transportkostnader.

Sorteringsanlegget fungerer slik intensjonen var. Vi får svært mykje velleite frå dei som nyttar anlegget om kveldane. Anlegget hausta diverre ein del politisk storm. Det vart vanskeleg for kommunestyra å godta at det vart ein



meirkostnad på anlegget på om lag 1,4 mill. kroner, som i hovudsak skuldast meirkostnader på fjerning av massar. Det vart sett fram ganske harde påstandar om styringsløyse, og anlegget vart også dels ukritisk samanlikna med andre anlegg i området.

Administrasjon og politisk leiing har grunngeve meirkostnadene i ein eigen rapport, og vi får legge erfaringa frå hausten 98 på minnet til eventuelle seinare byggeprosjekt.

SLAM

Det vart gjennomført ei ny tømmerunde 98, men vi har framleis ikkje noko god løysing på handsaminga av dette slammet. Det ligg no føre krav om betre løysingar, for å oppnå ein kvalitet på slammet som kan nyttast.

Vi mol opp flis frå hageavfallet i vinter, og blanda dette inn. Slammet ligg no i ei stor ranke, men det ser ut til at det er vanskeleg å få komposteringsprosessen i gang.

VØR må finne løysingar på dette, og velge mellom å bygge opp eit betre tilrettelagt anlegg i eigen regi, eller leige ekstern handsamingskapasitet .

SPESIALAVFALL



VØR har no vesentleg betre lokalitetar enn tidlegare til å handsome spesialavfallet på ein betre måte. Vi har no oppvarma rom med god utlufting, der omemballering og deklarerering kan skje i ordna former.

Når det gjeld dei utplasserte konteinarane, må vi betre rutinene på vedlikehald og tilsyn. Vi har også motteke melding frå forbundet åt bensinforhandlarane om at dei ikkje ynskjer å stå ansvarlege for desse mottaka. Denne reservasjonen gjeld heile landet. VØR må i dialog med desse, for å hindre at ordninga fell frå.

PROSJEKTARBEID

VØR har vore aktive i arbeidet med avfallsplanen for Volda og Ørsta kommunar. Vi har hatt ein representant frå representantskapet, ein frå styret og ein frå administrasjonen. VØR har hatt leiarrolla i arbeidet som er planlagt avslutta i 1999. Representantar for VØR tok også initiativ til eit forprosjekt for å sjå på mogleg avsetnad på biobrensel / trevirke i distriktet. ENØK-senteret i Ørsta tok på seg arbeidet, og TUSSA for finansieringa.



Vidare så fekk vi eit storarbeid med registrering av husstandar og næringar etter dei nye forskriftene. Vi leigde inn ekstra kapasitet for å handtere alle søknader og tilbakemeldingar, men trass dette vart saksbunken for stor.

PERSONAL- STODA

Det har trass sterk fokus på drifta vore eit godt arbeidsår for tilsette i VØR. Ein del av sakene som har vore drøfta i media osv. er saker der tilsette har stått samla. "Turbulensen" utanfrå har altså ført til betre samhald internt i VØR.

Dei tilsette har synt god arbeidsvilje, og løyst dei ulike utfordringane godt.

Vi har hatt to personar på langtidssjukmelding, og desse stillingane har vore dekte opp ved innleige av ekstramannskap. I tillegg har 1. sekretæren hatt morspermisjon siste halvdel av 1998.



Etter eige ynskje sa driftsleiar opp stillinga si ved årsskiftet. Han har etter sju år i VØR, valt å gå attende til privat industri.

MENGDER

Forbruksavfall – restavfall


Oppsettet i denne delen av årsmeldinga er delvis teken frå avfallsplanen som baserer seg på mengdene frå 1998.

Volda / Ørsta- regionen har om lag 18500 innbyggjarar. I tillegg kjem 2000 studentar i 10 månader av året. Kommunane har pr. i dag registrert ca. 7000 private abonnentar. Dette talet kan endre seg noko når ein har fått klart registeret etter dei nye forskriftene. VØR har 11 renovatørar, som tømmer dei ca. 7000 gebyreiningane for restavfall kvar veke.

Restavfallet frå hushaldningar og næringar vert registrert på vekt, og utviklinga i leverte mengder går fram av tabellen og flytskjemaet nedanfor.


Total mengde levert til forbrenning til Grautneset var i 1998 på 4444 tonn. Av dette utgjorde utsortert brennbart forretningsavfall

Restavfall til brenning



levert over vekt, t.d. frå butikkar og liknande, vel 700 tonn.

Avfall til deponi




Deponiet i Alida vart nedlagt frå mars 98. Etter dette har ein nytta eksterne deponi, i Ålesund og på Vestnes. Dette avfallet er det vi tradisjonelt kallar grovavfall, altså trevirke, metallrestar osv.

I tillegg til restavfallet som går til forbrenning eller deponi, har VØR lagt til rette for utsortering av ein del avfallstypar som kan gjenvinnast, både frå hushaldningar og frå næringslivet. I tillegg til tilrettelegging for heimekompostering av matavfall, finst det i dag mottaksordningar for papp, papir og drikkekartong, glas og metallemballasje, anna metall, kvitevarer, trevirke, hageavfall og gjenstandar til ombruk


Forbruksavfall –
kjeldesortert avfall

Den kraftige auken for 98 i levert mengde papp/papir, skuldast delvis tøming av oppmagasinert papir på lager.

Papp og papir




Glas




Produksjonsavfall

I følge Forureiningslova er det eigar av produksjonsavfallet som sjølv må syte for å bringe dette til godkjent avfallsanlegg eller anna godkjend handsaming. Forureiningsmynde er lagt til SFT, og delegert til Fylkesmannen. Ein del av produksjonsavfallet vert levert over vekt til VØR av private firma som driv med containertransport for næringslivet, med differensierte avgifter for sortert/ usortert avfall. Mykje vert også levert utanom VØR, til ulike aktørar på avfallsmarknaden.



Spesialavfall

Spesialavfall frå hushaldningane vert samla inn gjennom "Skvett`n-ordninga", som er ei bringeordning. Kommunane har, ifølge Forureiningslova, også plikt til å ha eit tilbod om mottak av mindre mengder *spesialavfall frå bedriftene* (inntil 400 kg. pr. år pr. bedrift.) Bedriftene må sjølve levere dette avfallet til VØR. Ein god del spesialavfall vert levert direkte frå bedrift til spesialavfallsoperatør.



Søylediagrammet syner dei typane spesialavfall som dominerer i mengde.

(Spesialavfall)

I tillegg til dette tek VØR imot:

Anna kvikksølvholdig avfall	2 kg	Reingjeringsmiddel	15 kg
"Bekjempningsmiddel"	93 kg	Basisk, organisk avfall	20 kg
Polymiserande stoff	237 kg	Medisinavfall	7 kg
Herdar	9 kg	Fotokjemikalie	351 kg

ØKONOMI

VØR hadde i 1998 kostnader som oversteig inntektene. Årsresultatet syner eit underskot på kr. 564 294,- som utgjer om lag 3,2% av total omsetning. Resultatet er likevel noko betre enn det som vart stipulert i revidert rekneskap for 1998.

Transporten til grovavfallsdeponiet på Vestnes er meir kostbar enn budsjettert. Dette skuldast truleg at det er vanskeleg å få med budsjettert tonnasje pr. tur. VØR bør få fortgang i arbeidet med alternative løysingar for grovavfallet.

Vi har hatt inne mykje ekstra kapasitet på personalsida på grunn av registreringsprosjekt, overlapping i samband med permisjonar, og oppdekking av korttidsfråvær. Dermed så er lønskostnadene større enn budsjettert

Inntektene er om lag 230` mindre samanlikna med opprinnelig 98-budsjett, ein "svikt" på om lag 1,3 %. Dette har samanheng med at det gjekk ein del tid med til å få inn dei vedtekne næringsgebyra.



Det vert ei prioritert oppgåve å gå nærmare inn å sjå på kva område som kostar VØR meir pengar enn planlagt. Dette er eit omfattande arbeid, og som nemnt innleiingsvis, så er VØR i ein noko spesiell situasjon der drifta må gå trass høge kostnader. Ein må sette fokus både på sjølve drifta av VØR, og på dei tenestene vi kjøper inn på transport og levering.

Vidare så må vi vere budde på at renovasjon er ei stadig mindre "skjerma" næring. Snart vil marknadskreftene rå også her, og dette set nye krav til VØR.

Målet må vere, innanfor dei rammevilkåra som gjeld, å bygge opp og drive eit *kostnadseffektivt* VØR.


Hovdebygda 24/3-99

For styret i VØR
Ove Lid, styreleiar

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON

Til Representantsskapet for Volda og Ørsta reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA



REVISJONSMELDING FOR 1998

Vi har revidert årsoppgjeret for Volda og Ørsta reinhaldsverk for 1998. Årsoppgjeret som består av årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar er utarbeidd av verksemda sin daglege leiar/rekneskapsførar.

Oppgåva vår er å granske verksemda sitt årsoppgjer, rekneskap og handsaminga av verksemda sine tilhøve elles.

Vi har utført revisjonen etter gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane som vi har sett på som naudsynte for å stadfeste at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk har vi kontrollert utvalde delar av grunnmaterialet som bygger opp om rekneskapspostane, vurdert rekneskapsprinsippa og dei skjønsmessige vurderingane som er gjort av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjeret.

Årsrekneskapen syner eit årsunderskot på kr 564.293,- , gjort opp i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk.

Larsnes, 5. mai 1999


Jostein Støylen
revisjonssjef

Volda/Ørsta Reinholdsværk, 6160 Hovdebygda

RESULTATREKNESKAP 01.01 - 31.12	note	1998	1997
Driftsinntekter og driftskostnader			
Driftsinntekter			
Salsinntekter av varer og tjenester		17.330.914	13.548.410
Andre driftsinntekter		<u>43.911</u>	<u>3.530</u>
Sum driftsinntekter		<u>17.374.825</u>	<u>13.551.940</u>
Driftskostnader			
Forbruk av selde varer		446.842	392.817
Personalkostnader		4.756.839	4.250.934
Driftskostnader		10.363.261	7.263.835
Ordinære avskrivningar	5	1.430.391	1.250.428
Tap på krav		<u>3.517</u>	<u>6.524</u>
Sum driftskostnader		<u>17.000.850</u>	<u>13.164.538</u>
Driftsresultat		<u>373.975</u>	<u>387.402</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		(34.495)	(61.070)
Rentekostnader		<u>972.763</u>	<u>535.597</u>
Netto finanskostnader		<u>938.268</u>	<u>474.527</u>
Årets resultat		<u>(564.293)</u>	<u>(87.125)</u>
Oppskrivningar og overføringer (Overført frå kapitalkonto)		<u>(564.293)</u>	<u>(87.125)</u>

Volda/Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

BALANSE PR. 31. DESEMBER	note	1998	1997
EIGNELUTER			
Omlaupsmiddel			
Bank- og postgiroinnskot	1	209.074	3.164.474
Kundekrav	2	338.865	28.416
Andre kortsiktige krav	3	1.038.072	756.342
Lager av varer for sal	4	89.653	106.283
Sum omlaupsmiddel		<u>1.675.664</u>	<u>4.055.515</u>
Anleggsmiddel			
Transportmiddel	5	1.342.655	1.775.748
Gravemaskin / Traktor	5	1.415.415	1.604.483
Komprimatorstasjon	5	3.631.020	3.933.605
Andre anlegg	5	1.019.418	982.258
Sorteringshall	5	8.410.591	7.632.060
Tomter	5	2.654.373	2.654.373
Sum anleggsmiddel		<u>18.473.472</u>	<u>18.582.527</u>
Sum eigneluter		<u>20.149.136</u>	<u>22.638.042</u>
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Kortsiktig gjeld			
Leverandører		903.723	2.309.168
Kassakreditt		319.056	0
Skattetrekk og arbeidsgjevaravgift til Folketrygda		350.620	256.292
Skyldig meirverdi og investeringsavgift		273.815	0
Påkomne, ikkje forfalne løner & feriepengar		460.173	390.204
Anna kortsiktig gjeld		460.554	249.639
Sum kortsiktig gjeld		<u>2.767.941</u>	<u>3.205.303</u>
Langsiktig gjeld			
Lån		15.826.321	17.313.571
Sum langsiktig gjeld		<u>15.826.321</u>	<u>17.313.571</u>
Eigenkapital			
Eigenkapital		1.073.519	1.637.813
Fond til slamhandsaming		481.355	481.355
Sum eigenkapital		<u>1.554.874</u>	<u>2.119.168</u>
Sum gjeld og eigenkapital		<u>20.149.136</u>	<u>22.638.042</u>
Trygd	6	<u>16.145.377</u>	<u>17.313.571</u>

Hovdebygda, den 31.03.1999

Geir Hole

Ove Lid

Magnar Lid

Kjetil Arøen
driftsleiar

Ingrid Opedal

Jorunn Austrheim

Volda / Ørsta Reinhaldsverk, 6160 Hovdebygda

Notar til rekneskapen for 1998.

1) Bankinnskot.

Av bankinnskota er kr. 209.074 bunde innskot for skattetrekk.

2) Kundekrav.

Kundekrav er oppført til pålydande. Det er ikkje venta tap i kundekrava.

3) Andre kortsiktige krav.

Kr. 3.817 gjeld lån til tilsette. Resten er påkomne, ikkje fakturerte inntekter frå eigarkommunane etc.

4) Varelager.

Varelageret er ført opp til innkjøpskost. Det er ikkje ukurante varer på lager.

5) Avskrivbare driftsmiddel	Transport- utstyr:	Grave- maskin:	Traktor:	Komprima- torstasjon:	Sorterings- anlegg:	Andre anlegg:
Anskaff. kost 01.01.1998:	4.098.511	980.120	890.513	5.522.241	7.632.060	1.719.319
Tilgang 1998:	-	-	-	-	1.106.216	215.120
Avgang 1998:	-	-	-	-	-	-
Kostpris 31.12.1998:	4.098.511	980.120	890.513	5.522.241	8.738.276	1.934.439
Samla avskrivningar pr. 31.12.1998:	2.755.856	279.048	178.170	1.891.221	327.685	915.021
Bokført verdi 31.12.1998:	1.342.655	701.072	714.343	3.631.020	8.410.591	1.019.418
Avskrivningar i året:	433.093	100.017	89.051	302.585	327.685	177.960
Satsar nytta for lineær avskrivning:	10 %	10 - 15%	10%	5,5 %	5%	8 - 10 %

6) Trygd for lån.

Av selskapet si samla gjeld er kr. 16.145.377 sikra ved garantiar frå Volda og Ørsta kommunar.

7) Pensjonsordning.

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga er dekt ved pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gjev ei definert yting i samsvar med tariffavtalen i kommunal sektor. Den stettar kriteria for det som er kalt ein "Multiemployer plan". I Samsvar med internasjonal praksis for slike Multiemployer- planar er den bokførte årlege pensjonskostnaden i 1998 lik påkome pensjonspremie.

Attåt den ordinære tariffesta tenestepensjonsordninga kjem ytingar i form av avtalefesta pensjon til aldersgruppene fra 62 til 64 år. Desse ytingane vert av partane i kommunal sektor å sjå på som mellombels i forma. Ein reknar med at desse vert endra i dei neste åra. Grunna dette er dei ikkje teke inn i tenestepensjonsordninga, men vert no dekt på "pay-as-you-go" basis ved ei utlikningsordning der alle arbeidsgjevarar betalar same tilskot i prosent av pensjonsgrunnlaget. Dei framtidige kostnadar til desse ytingane er behefta med særleg stor uvisse. For 1999 er kostnadane rekna til 0,7% av pensjonsgrunnlaget.